

Utvida vegkryss mot Dønhaug?

24.06.2015



Her er det stort behov for eit romslegare kryss

Kommunen har no fått søknad frå Magne Huglen med fleire om utviding av det trånge krysset opp mpt Dønhaug. Det vert søkt om dispensasjon frå arealplan og jordlova og det vert understreka at tiltaket vil gje trafikktryggleik for gåande og køyrande, betre driftstilhøve for landbrukseigedommane og lettare tilkomst til øvrige eigedommar i området. Avkøyrsla er no bratt og vanskeleg, særleg for større køyrety. Særleg har Festidalen stort behov for å flytte mykje tungt materiell til og frå.



Etter initiativ frå leiinga i Festidalen er det inngått avtale mellom grunneigar og vegeigar Mafne Huglen og grunneigar Tor Jarle Kjærland om grenseregulering. Det skal lagast ein støttemur mot bakken samt leggest ny drenering og trekkerøyr for straumkabel. Det vil melom anna gje som resultat at arrangement kan skje meir komprimert med tanke på opp- og nedrigging.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Marhisen



Slik tenkjer planleggjarane seg at krysset skal utvidast